

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/18	Formannskapet	PS	25.01.2018
009/18	Kommunestyret	PS	15.02.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/6214

Ny aksjekapital Sambandet Vest AS

Vedlegg :

innkalling Ekstraordinær GF SV AS 191217 Signert protokoll fra ekstraordinær generalforsamling 19.12.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Lindås kommune betalar inn kr 53.074 i ny aksjekapital i Sambandet Vest (jfr. vedlagt protokoll)
- Midlane til aksjekapital vert henta frå disposisjonsfondet.

Formannskapet - 011/18

FO - behandling:

Framlegg frå S.Toft-V:

Lindås kommune melder seg ut av Sambandet Vest AS, snarast.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (S.Toft-V)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster.

FO - vedtak:

- Lindås kommune betalar inn kr 53.074 i ny aksjekapital i Sambandet Vest (jfr. vedlagt protokoll)
- Midlane til aksjekapital vert henta frå disposisjonsfondet.

Kommunestyret - 009/18

KO - behandling:

Fellesframlegg v/N.Bognøy-Ap:

Tillegg til innstillinga frå formannskapet:

Punkt 2. Kommunestyret bed om at det vert lagt fram sak til formannskapet der ein vurderer

om Sambandet Vest AS er beste verkøy til å styrka infrastruktur i nye Alver kommune. Ein bed om redjøring av konsekvens for dei tildelte samanslåingsmidla gitt til kommunesamanslåing Alver kommune, infrastrukturmidler ved eventuelt endring i selskapet. Kommunestyret bed fellesnemnda Alver kommune ta drøfting vedrørende infrastruktursatsing i framtidig Alver kommune.

Framlegg frå S.Toft-V:

Lindås kommune melder seg ut av Sambandet Vest AS, snarast. Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 2 røyster (S.Toft-V og A.Dyngen-Frp) Framlegget frå S.Toft-V fekk 2 røyster og fall (S.Toft-V og A.Dyngen-Frp) Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Lindås kommune betalar inn kr 53.074 i ny aksjekapital i Sambandet Vest (jfr. vedlagt protokoll)

Midlane til aksjekapital vert henta frå disposisjonsfondet.

2. Kommunestyret bed om at det vert lagt fram sak snarast til formannskapet der ein vurderer om Sambandet Vest AS er beste verkøy til å styrka infrastruktur i nye Alver kommune.

Ein bed om redjøring av konsekvens for dei tildelte samanslåingsmidla gitt til kommunesamanslåing Alver kommune, infrastrukturmidler ved eventuelt endring i selskapet. Kommunestyret bed fellesnemnda Alver kommune ta drøfting vedrørende infrastruktursatsing i framtidig Alver kommune.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Sambandet Vest AS blei etablert 19. august 2010 med formål om å realisere infrastruktur knytt til tverrsambandet mellom kommunane Øygarden, Meland, Askøy og Radøy. Aksjonærar frå starten var kommunane Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Meland, Radøy, Austrheim og Lindås.

I sak 64/16 gjorde kommunestyret i Lindås følgjande vedtak om Sambandet Vest:

1. Lindås kommune betaler inn totalt kr 206.250,- i ny aksjekapital til Sambandet Vest i samsvar med vedtak frå generalforsamling frå juni 2014.

2. Midlane til aksjekapital vert å hente frå disposisjonsfondet.

3. Vedtaket om innbetaling av ny aksjekapital i punkt 1 erstatter vedtak om driftstilskot på kr 189.444 som blei vedtatt i kommunestyresak 24/15.

På generalforsamling i Sambandet Vest 19.12.17 blei det vedtatt å nedsette aksjekapitalen på kr 3.196.875 til kr 0 ved innløyning av samtlige aksjar. Bakgrunn for kapitalnedsetting er at selskapet har tapt store delar av sin eigenkapital, og at selskapet har ein registrert

aksjekapital som ikkje står i forhold til verksemda i selskapet. I tillegg vedtok generalforsamling å auke aksjekapitalen ved kontantinnskot og teikning av nye aksjar. Samla teikningsbeløp for ny aksjekapital er på kr 349.800 (sjå vedlagt protokoll)

Lindås kommune teikna 220 aksjar til ein kurs på 241,241379. Det betyr at Lindås kommune skal innbetale kr 53.074 i ny aksjekapital.

Vurdering

Lindås kommune må følgje opp vedtak frå generalforsamlinga i Sambandet Vest og betale inn ny aksjekapital på kr 53.074. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.